

ÅRSMELDING //2019

NLM region vest
www.nlm.no/vest
vest@nlm.no



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



ÅRSMELDING 2019

Misjon

Misjon er saka til dei brennande hjarta. Det handlar ikkje først og fremst om kroner og øre, men om å vilja dela med andre den gleda ein sjølv har fått del i. Dette misjonsengasjementet ber mykje av det kristne arbeidet i NLM region vest. Det jamne arbeidet i smågrupper, foreiningar og forsamlingar gjer at evangeliet om Jesus Kristus når både unge og eldre kvar veke, både i nabolaga våre og internasjonalt. NLM vil vera med på det verdsospennande misjonsoppdraget. Me vil ta ansvar for å bringa evangeliet til nye folkeslag og me vil integrera bistand som ein del av misjonsoppdraget.

Takk til alle dykk som har vore med å verkeleggjera visjonen vår «Verda for Kristus» òg dette siste året.



Vekst

Det er uhyre viktig at vi ikkje berre held hjula i sving i NLM. Vi må strekka oss etter å bli meir utoverretta og kreative både i Noreg og i utlandet. I vår region har vi dette fokuset blant anna i «Vekst»-programmet til NLM. I 2019 blei fire forsamlingar med på «Vekst». Dette er eit toårig program for fellesskap som har ein draum om å nå ut til nye menneske med dei gode nyheitene om Jesus. Programmet består av fire samlingar / modular, og den første vart gjennomført hausten 2019. Dette programmet for lokale fellesskap er både ei fagleg og inspirerande hjelp til vidare utvikling.

Regionstyret vil oppmoda fleire av dei lokale fellesskapa våre og forsamlingar til å delta på Vekst når eit nytt program etter kvart vert lansert. Det lokale arbeidet i ulike smågrupper, foreiningar og forsamlingar er misjonens bærebjelke. Det er også der vi kan vera utoverretta.



«Smågrupper er viktige, fordi der vert relasjonar styrka, me får trening i å setja ord på trua, og me ber for kvarandre. Mange som vert kristne i vaksen alder, har først vorte invitert inn i ei smågruppe.»

*Gro Bjørndal
Fellesskapskonsulent
NLM region vest*

Misjons- felleskap

Dei siste åra har NLM vorte kontakta av fleire bedehusforsamlingar med ynskje om ei tilknytning òg til organisasjonen vår. I hovudsak gjeld dette forsamlingar som har hatt ei formell indremisjonstilknytning og samstundes eit ytre misjonsengasjement. Ein såg det etter kvart naudsynt å utarbeida normallover for fellesforsamlingar som både sentralstyret i Indremisjonsforbundet (ImF) og hovudstyret i NLM kunne verte samde om.

I NLM region vest var det i 2019 fire bedehusforsamlingar som fekk sine vedtekter godkjent av regionstyret og dermed ei formell forsamlings-tilknytning òg til NLM. Dette gjeld Heimly forsamling i Mjølkeråen, Vik bedehusforsamling i Øygarden, Knarvik Misjonshus og Osterøy Misjonsforsamling. Desse fire har i tillegg valt ei tilknytning til Indremisjonsforbundet / Nordhordland Indremisjon. Regionstyret er glad og takknemlege for at bedehusa ønsker ei endå tettare tilknytning til NLM.


Det er gledeleg å sjå at fleire av misjonsfelleskapa får kontakt med nye. I Salem Misjonskyrkje i Bergen samlast det rundt 250 studentar og unge vaksne på laurdagane. På gudstenesta søndag samlast også omtrent 250 personar. Nytt i 2018 var lanseringa av eit nytt smågruppekonsept. Dette vart vidareført med smågruppeleiartrening i 2019. I Tremorkyrkja samlast i gjennomsnitt 135 vaksne og barn til gudsteneste søndagar og 70 ungdomar på ungdomsmøta fredagar. I skuleåret 18/19 har dei hatt konfirmantar både i Sunnfjord Misjonsforsamling, Tremorkyrkja, Salem Misjonskyrkje og Askøy misjonsforsamling. Frå Tremorkyrkja melder dei blant anna: "Dette året har vi opplevd at Gud har vekt oss opp og det er mange nye familiar og ektepar som har vorte sett i fyr og flamme for Jesus."

Sjå eigne årsmeldingar for forsamlingar og område på nlm.no/vest



Felleskapet i Misjonshuset er svært viktig for oss som familie, både åndelig og sosialt. Her kjenner vi oss heime. Vi får vekse i trua saman med menneske vi har vorte veldig glad i.

*Åshild Lande
Psykolog og trebarnsmor*



UTSENDINGANE

NLM hadde ved årsskiftet 109 utsendingar. Av desse reknar vi i overkant 30 som «våre», i den forstand at dei har ein relasjon til NLM region vest. Fleire av dei er på mange måtar «plogspissen» når det gjeld å nå dei unådde, dvs. dei som ikkje sjølv har nokon som kan bera evangeliet vidare blant sitt eige folk. Mange av desse områda ligg på plassar der vi må vera forsiktige med kva vi skriv i Utsyn og på internett. Dette er det vi kallar for sensitivt arbeid. Regionstyret vil oppfordra våre fellesskap til å løfta fram dette arbeidet i møta og i bønene deira. Samstundes retter me ei stor takk til Gud for dei utsendingane som kom attende til Norge etter ei livslang teneste som utsendingar.

| | |
|---|--------------|
| 1 | Sør-Amerika |
| 2 | Vest-Afrika |
| 3 | Nord-Afrika |
| 4 | Øst-Afrika |
| 5 | Sentral-Asia |
| 6 | Stor-Kina |
| 7 | Japan |
| 8 | Norge |



43%

42,6% av verdens folkegrupper regnes som unådde av evangeliet.

98%

I Kina regnes 98% av 545 folkegrupper som unådde.

9%

Av verdens kristne misjonærer som krysser kulturgrenser arbeidet 91% blant nominelle kristne og bare 9% blant unådde mennesker.

1%

For hver 100-lapp gitt til kristent arbeid i verden, går mindre enn 1 krone til kirkeplantiing blant mennesker unådde av evangeliet.

95%

Anslagsvis 95 prosent av pastorene over hele verden har ikke hatt noen formell opplæring.

Unådde folkegrupper defineres som a) mindre enn 2% kristus-etterfølgere og b) mindre enn 5% bekjennende kristne.

Kilde: Joshua Project

Forkynnararbeidet

No styrkjer vi fokuset på å tilby frivillige forkynnarar til områder og bedehus som ynskjer besøk av ein talar. Dei som ynskjer besøk er velkomen til å ta kontakt med regionkontoret eller direkte med den enkelte frivillige. En oppdatert oversikt finst på nettsida til NLM region vest.

Møteverksemda

Vi er djupt takknemlege til alle dei som år etter år trufast har misjonsmøte og foreiningsmøte der dei ber og gir til misjonsarbeidet.

I 80 arbeidsveker har vi hatt forkynnarar i bygder og bydelar i 2019. Av dette har vi hatt 13 møteveker, 7 av møtevekene med forkynnarar utanfor regionen vår. Resten har vore enkeltmøte eller plassar der vi har hatt to eller tre møte. I tillegg har region-kontoret skaffa talar til ca. 15 møte der frivillige forkynnarar har vore med. Men vi veit at mange møte òg vert avtalt direkte mellom møtestad og talar utan at regionkontoret får melding om dette. Fleire melder om gode møter. Vi gler oss over mange opne dører, spesielt innan barne- og ungdomsarbeidet.

Inspirasjonssamlinga på Lyngmo var eit viktig møtepunkt. Nyårssamlinga på Skilbrei samla mange dette året. Det vart arrangert bibelhelg i Innvik og helgesamlingar for kvinner i Sætervika og på Lyngmo.

I oktober vart det for tredje gong arrangert ein regional "Frivilligfest" med ein forholdsvis open invitasjon til alle som rekna seg som frivillig i eit NLM-relatert arbeid. Denne samlinga vart arrangert i samband med "Disippel 19" (tidl. regionkonferansen). Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom regionen og Salem. Marit Andersen og Jarle Haugland var talarar og seminarhaldarar denne helga. Kongshaug Musikk-gymnas hadde konsert laurdag ettermiddag.

Foreiningsarbeidet

Nokre få lag og fleire NLM-kontaktar vart nedlagt i 2019. Samstundes gler vi oss over fleire nye lag, spesielt blant dei unge. Vi har og fått 4 nye forsamlingar dette året. Vi er takknemlege for dei mange laga som trufast held fram med eit stort arbeid.

Vi held fram med leiarutdanningsopplegget UngLeder som NLM Ung har utvikla og trur at dette vil gje resultat på sikt og skape nye leiarar som vil starte nye foreiningar og lag.


Foreiningsarbeidet

Nokre få lag og fleire NLM-kontaktar vart nedlagt i 2019. Samstundes gler vi oss over fleire nye lag, spesielt blant dei unge. Vi har og fått 4 nye forsamlingar dette året. Vi er takknemlege for dei mange laga som trufast held fram med eit stort arbeid.

Vi held fram med leiarutdanningsopplegget UngLeder som NLM Ung har utvikla og trur at dette vil gje resultat på sikt og skape nye leiarar som vil starte nye foreiningar og lag.

Foreningsoversikt 2011 - 2019







BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

Om lag 30 ungdomar frå Sogn og Fjordane var òg med fellesreisa med felles base på campingplassen under UL i 2019. Frå Bergen drog dei også med full buss til og frå UL.

I februar 2019 var 81 ungdomar pluss leiarar samla på Lyngmo til Crossroad. Crossroad er eit samarbeid mellom TABU i Sunnfjord og ungdomsleirane på Lyngmo. Vi gler oss òg over godt oppmøte på dei andre ungdomsleirane. Gjennom desse leirane finn ungdom frå ulike område saman og knyter kontakt.

Det vert òg drive eit flott arbeid blant barn og ungdom på lokalplanet og i misjonsforsamlingane. Eit døme er «NLM sport Florø» som starta opp med 3 deltakarar i august. I desember var det blitt til 32 deltakar.

Sjå eiga årsmelding på nlm.no/vest

INSTITUSJONANE

Vi har mange institusjonar i regionen vår: 3 leirstadar (2 heileigde og 1 deleigd), 9 barnehagar (6 heileigde og 3 deleigde) og 9 skular (2 heileigde og 7 deleigde). Det er mykje, men desse er svært viktige reiskapar for å nå vidare ut med evangeliet. Dette gjev oss høve til å nå dei minst nådde i landet vårt med evangeliet. Husk på dei tilsette, og dei som tek på seg styreansvar for desse institusjonane. Ikkje noko gjer seg av seg sjølv.

Vi takkar for det som skjer på skulane og leirplassane der vi og får sjå at nye tek imot Jesus.



Sjå egne årsmeldingar på nlm.no/vest for dei ulike institusjonane, Kongshaug, Sygna, Sætervika, Skilbrei, Lyngmo, pTro, Salem Nærmiljøsester, PitStop Sotra, KIA, Danielsen skulane, NLA og barnehagane.



GJENBRUKS- BUTIKKANE

Våre 2 gjenbruksbutikker gjev stor velsigning for arbeidet vårt. Butikkane bidreg med midlar til misjonen. Mange menneske som vi ikkje så ofte elles har kontakt med, kjem innom. Betydninga av samtalane i «i kroken» kan vi berre ana rekkjevidda av. Takk til alle dykk som står på i butikkane våre.

Samla bidrog dei med 583 524,- til NLM sitt arbeid 2019. På landsbasis overførte NLM Gjenbruk kr. 27,2 millionar. Dette er ny rekord.



ØKONOMIEN

Når det gjeld økonomien til NLM, så vart det totale gåvebeløpet til NLM i 2019 på kr 132 millionar, noko som er ein auke på kr 1,5 millionar samanlikna med GF-året 2018 . Av dette bidrog NLM region vest med ca. kr 16,8 millionar. Dette er kr. 2 millionar meir enn året før. Testamentariske gåver i heile NLM enda på 30,8 millionar. NLM har motteke 3,2 millionar kroner i testamentariske gåver frå region vest dette året.

Vi er takknemlege for å ha eit misjonsfolk som kjenner på kallet til å nå vidare ut med evangeliet, og som òg står med i gjevartenesta.

Viser elles til økonomirapport som vert lagt fram for årsmøtet.

ANSATTE

Vi har hatt 35 tilsette medarbeidarar i Region Vest fordelt på 16,97 årsverk i 2019 . Det er 0,42 færre årsverk enn i 2018 . I ein

så stor arbeidarflokk er det alltid nokre endringar. Vi ynskjer å takka Hildegunn Norbakken som avslutta si teneste i regionen, og Annette Lindtner Lilletvedt som i løpet av 2019 gjekk frå leiarstilling PitStop Sotra til leiar for PitStop Norge, og ynskjer velkommen Nils Ivar Bennhaug, David Jørgensen, Randi Liv Johansen Strand og Håkon Syrstadeng som nye arbeidrarar. Nokon av dei er berre inne i mellombelse stillingar i samband med permisjonar medan andre er i faste stillingar. Det har og vore litt endringar i stillingsprosent for ein del av dei som jobbar i regionen, og nokre har komme tilbake etter permisjon.

REGIONSTYRET

Regionårsmøtet vart avhalde i Salem, Bergen. Det vart ei flott samling til oppbygging og inspirasjon for alle aldrar. Hovudtalar var Kåre Johan Lid.

Følgjande vart valde til regionstyret: Turid Toft Amenia og Nils Fredrik Rifsgård. Frå

før sat Per Hilleren, Bodil H. Øpstebø og Nils Walde. Vararepresentantar vart Steven Kristoffer Rob, Helge Andvik og Ove Fotland. Regionstyret konstituerte seg med Nils Walde som leiar og Per Hilleren som nestleiar.

Regionstyret (RS) hadde 10 møte og handsama 61 saker i 2019 . Av dette var 6 fysiske møte, og 4 nettmøte.

HEIMLOV

Regionkontoret har fått melding om følgjande misjonsvenner som har fått heimlov i år 2019: Eldbjørg Strømme, Bjarne Sagevik, Sjur Repål, Tor Landro, Johannes Leikvoll, Anna Skrivervik, Kari Hilleren, Astrid Vilsvik, Håvard Jonassen, Ragnhild Kløve, Jostein Aase, Oddvar B. Solheim, Gerd Gjerde, Borgny Urne Tangen. Me lyser fred over deira minne.

Nils Walde (leiar), Per Hilleren (nestleiar), Turid Toft Amenia, Nils Fredrik Rifsgård, Bodil H. Øpstebø, Steven Rob (1. vara), Helge Andvik (2. vara), Ove Fotland (3.vara) og Per Byrknes (regionleiar)